

## Ressurskontakt

### Kva er ressurskontakt i eit idrettslag?

Ressurskontakten er ein person som skal vere idrettslaget sin kontaktperson og koordinator for barn og ungdom med lita betalingsevne, med flyktningsbakgrunn, minoritetsbakgrunn eller andre særskilde utfordringar.

Barnefattigdom er eit prioritert område nasjonalt, og Kvinnherad kommunen gjennomfører prosjekt for å gje barn og ungdom frå låginntektsfamiljar betre moglegheiter til å delta i organiserte fritidsaktivitetar. Gjennom nettverket for ressurskontaktar vil det venteleg også by seg moglegheiter for finansiering av tiltak i klubbane.

### Korleis kan eg nytta ressurskontakt?

Ta kontakt med ressurskontakten som vil då vere din kontaktledd med idrettslaget, samt andre aktørar som arbeider med integrering og barnefattigdom.

### Kor finn eg ressurskontakt for mitt idrettslag?

Oversikt over registrerte ressurskontaktar i idrettslagane i Kvinnherad finn du på nettsida [kvinnheradidrettsrad.no/ressurskontakt](http://kvinnheradidrettsrad.no/ressurskontakt).

